

Dalen i Sentrum

Organ for eit balansert dalføre – nr 14. nov. 2008



Farsdag. Sondag 9. november er det farsdag. Gled far med blomar, kake eller noko anna han set pris på. Du får det på Joker Velledalen – heilt i nærleiken.

Ryktebørsen. Etter at tidlegare dagleg leiar slutta i Jokerbutikken har den daglege drifta gått sin gang med ein god porsjon dugnadsinnsats og tilfeldig arbeidskraft. Mange rykte har versert. Eksempelvis at butikken går dårleg, at tidlegare dagleg leiar slutta fordi ho ikkje fekk lønn og at styremedlemene i ViB jobbar utan lønn. Ingen av delane er korrekt. Sjølv om personalet midlertidig er endra, har butikken same lønnsutgiftene pr.månad no som tidlegare

Omsetninga i butikken er stabilt god. Fylgjande tal viser det:

Årsbudsjettet for omsetning i 2008 vart sett til 4 660 000 kroner. Ved inngangen til veke 45 ligg vi 273 500 kroner føre budsjett. Det er såleis temmeleg sikkert at årsumsetninga ved utgangen av året vil ligge ein stad mellom 4,9-5,0 million.

Kundetal. Ved utgangen av veke 42 hadde butikken i 2007 hatt eit samla kundetal på 19140. Talet på same tid i 2008 var 20631. Med andre ord; butikken har hatt 1500 fleire kundar i 2008 enn i 2007. Både omsetningstal og kundetal viser at velledalingane (og andre) set pris på butikken og brukar den.

Ny dagleg leiar. I desse dagar vil det bli lyst etter ny dagleg leiar i pressa. Vi siterer frå annonseteksten: "Vi ynskjer oss ein dagleg leiar som er:

- systematisk, sjølvstendig og resultatorientert
- du evnar å få til eit godt samarbeid med dei tilsette
- du har stå-på vilje, godt humør og er serviceinnstilt.

Du bør ha butikkrynsle, men ingen føresetnad, då kjeda sitt opplæringsprogram vil gjere ein godt rusta til å drive butikken. For nærare opplysningar kontakt Petter Velle tlf. 928 88 564.

Saftige bollar. Laurdag 8.november håper vi mange stikk innom butikken på Brunstad. Då vert det servert berlinerbollar og kaffi til dei handlande. Alle er hjarteleg velkomne til ein god handel og ditto prat. JOKER – heilt i nærleiken.

Små hjortar. Det er ikkje meldt inn fulltreffarar på hjortar over 100 kg slaktevekt denne sesongen. Men Arnt Brunstad melder at det er skote mange dyr mellom 85-100 kg. Den minste som er skoten hadde ei slaktevekt på 13 kg. -Lite, men ikkje rekord, seier Brunstad til "DiS".

Ledig husrom. "ViB" vil gjerne at alle som har tilgang på ledige hus, hyblar, m.m, og som ynskjer utleige, melder frå. Planen er å legge ut slik informasjon på nettsida www.velledalen.net

Hauk eller falk. Ein merka fugl flaug seg nyleg på kraftverksbygningen til Velle Kraft. Samanstøyten var såpass brutal at den anda ut på staden. Den var merka "Stavanger museum". Finnaren, Arnt Brunstad, har meldt inn nummer som fuglen var merka med, men han er usikker på kva type fugl det var, men hallar til at det var ein falk.

Juleblomar. Holmbergs gartneri opnar førjulssesongen laurdag 22.november. Dei ynskjer alle velkomne til ein god handel.

Avkristna. Ein kar som var innom bedehusbasaren nyleg meinte at Velledalen langt på veg var avkristna. Grunnlaget for påstanden var 40 framsmøtte på basaren, men ingen mellom 20-47 år.

Men no vert det meldt frå "ViB" at så enkelt er det ikkje. Dersom det på sikt vert friskule i Velledalen, kan fort det bli ein med kristen "formålsparagraf". I så fall vert det "Gud signe maten på vårt bord minst fem dagar i veka"

Alle som vil kan levere vinstar til førjulsmessa i Velledalen grendahus fredag 21. november frå klokka 1900. Alle medlemar (ikkje støttemedlemar) i dei to arrangørlaga VRF og VIL har pliktig levering.

This document was created with Win2PDF available at <http://www.win2pdf.com>.
The unregistered version of Win2PDF is for evaluation or non-commercial use only.
This page will not be added after purchasing Win2PDF.